



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	21.01.2026	10/26

Høyring av tilleggsutgreiing for villrein for etablering av pumpekraftverk i Røldal-Suldalvassdraget

Vedlegg

- 1 Rapport villrein
- 2 Tabell SINTEF

Dokument i saka

www.nve.no/9236/V Tilleggsutgreiing og alle sakspapir er tilgjengeleg her.

Bakgrunn

Røldal-Suldal kraft (RSK DA) har søkt NVE om konsesjon til å bygge og drive pumpekraftverka Røldal 2, Novle 2 og Kvanndalen 2 i Røldal-Suldalvassdraget. Vinje kommune gav uttale til søknad om konsesjon i kommunestyret 22.10.2024, sak 146/24.

NVE påla RSK DA den 29.01.2025 å utføre ytterlegare utgreiing av konsekvensane for villrein i samband med søknaden. I pålegget vart det særleg peika på moglege konsekvensar av endringane i reguleringa av Holmavatn og Votnavatn.

Rapporten frå NaturRestaurering AS ligg som vedlegg 1, den forrige villreinrapporten frå Norconsult, resten av søknaden og andre dokument ligg tilgjengeleg i lenka under «dokument i saka».


Frist for å sende fråsegn til høyringa er 03.02.2026.

Den nye villreinrapporten er eit stort dokument på over 100 sider, sakshandsamar har vore i dialog med villreinnemd, verneområdeforvalter og Suldal kommune om innhaldet i rapporten og saksframlegget er skrive basert på ei samla vurdering etter å ha samrådd med desse.

Kort om pumpekraftverk

Pumpekraftverk har ei viktig rolle i energisystemet. Dei fungerer som store batteri ved å lagre overskotsenergi frå til dømes vind og sol. Dette skjer ved at vatn blir pumpa opp i eit reservoar når det er låg etterspurnad, og sleppt ned igjen for å produsere straum når behovet er høgt. På denne måten gjev pumpekraftverk stabilitet i kraftsystemet og sikrar forsyningstryggleik. Dei kan levere straum raskt når etterspurnaden aukar, noko som bidreg til å unngå straumbrot og dekke forbrukstoppar. Evna til å lagre energi reduserer behovet for fossile kraftverk, som elles ville blitt brukt til å balansere nettet. Samstundes gir pumpekraft høve til å utnytte billig overskotsstraum og selje straum når prisane er høge, noko som styrkjer verdiskapinga i energisektoren. I tillegg støttar pumpekraft overgangen til eit grønt energisystem ved å gjere fornybar energi meir påliteleg. Samstundes så har det ein pris i høve påverknad på naturen.

Skissa syner ein oversikt over tiltaka:



Tilleggsrapporten frå NaturRestaurering er tung å koma igjennom, eg har difor bede copilot å gjere eit samandrag av hovudtrekka som er knytt til området Holmavatn:

Holmavatn – hovudpunkt

- **Planlagde endringar:**
 - *Reguleringshøgda i Holmavatn skal aukast frå 10 til 15 meter. Vatnet skal koplatt til nytt pumpekraftverk (Kvanndal 2) via tunnel, slik at dagens tapping gjennom Holmavassåna blir fjerna.*

- **Isforhold:**
 - *I dagens situasjon er isen stort sett trygg gjennom vinteren, men klimaendringar kan gje kortare sesong med sikker is.*
 - *Med pumpekraftverk blir det meir variasjon i vasstand og temperatur, som kan føre til sprekkar og råk langs land. Dette kan tidvis hindre rein i å krysse isen.*
 - *Det er likevel mogleg å oppnå farbar is store delar av vinteren med tilpassa drift.*
- **Trekk og beite:**
 - *Holmavatn ligg sentralt i villreinens vinterområde. GPS-data og lokalkunnskap viser at reinen ofte kryssar isen og beitar på øyane i vatnet.*
 - *Holmavassåna er i dag ein barriere vinterstid grunna stor vassføring, men denne forsvinn med ny tunnel.*
 - *Tverråna har mindre betydning, men vil også bli mindre barriere med ny regulering.*
- **Konsekvensvurdering:**
 - *Samla konsekvens for Holmavatn-området er vurdert som “noe negativ” (1-) i driftsfasen, hovudsakleg grunna meir usikker is.*
 - *Positiv effekt: Holmavassåna og Tverråna blir ikkje lenger barrierar.*
- **Avbøtande tiltak:**
 - *Reglement for drift som sikrar stabil vasstand ved islegging.*
 - *Overvaking av isforhold og eventuelle fysiske tiltak (t.d. ledegjerder) for å styrke trekk-korridorar.*
 - *Omlegging av kvista skiløyper slik at dei ikkje går gjennom viktige beiteområde.*
 - *Vurdere stenging eller restriksjonar på anleggsvegen for å redusere ferdsel.*

Samla vurdering: Holmavatn er svært viktig for villrein vinterstid. Endringane kan gi periodevis svekka trekkfunksjon, men med gode avbøtande tiltak kan konsekvensen reduserast til ubetydelig eller i beste fall positiv. Bortfall av Holmavassåna som barriere er ein klar fordel.

Vurdering

Villreinen vart kategorisert som NT (nær truga) i 2021 og har i kvalitetsnormen blitt klassifisert med dårleg tilstand (raud kategori) for Setesdal-Ryfylkeheiane. Hovudårsaka til at villreinen havna i raud kategori er sterk fragmentering av areal (mellom ana pga kraftutbygging), svekte trekkvegar og stor menneskeleg aktivitet. Det pågåande arbeidet med tiltaksplanane syner også at situasjonen for villrein er viktig å leggje vekt på.

Rapporten slår fast at Holmavatn er viktig for villreinen og konkluderer med at trekket over Holmavatn er viktigare enn Norconsult gjorde i sin rapport. Likevel kan det sjå ut som at rapporten undervurderer SINTEF sin rapport i høve isforhold på Holmavatn og konsekvensane for villrein totalt sett.

I samandraget står det avslutningsvis: «Vurderte virkninger av planlagt tiltak er oppsummert i tabellen under, og resulterer i en vurdert samlet konsekvens for trekkfunksjonalitet og lokal beiteutnyttelse i dette området om vinteren på noe negativ (-1). Gjennom avbøtende tiltak har vi vurdert at det er mulig å oppnå at konsekvensgraden endres til ubetydelig eller i beste fall positiv. Vi har gjennomgått mulige tiltak, der tilpasninger som fører til mer sikker og farbar is på

Holmavatn vil være mest treffsikker. Det har også stor betydning av hvordan regulering av ferdsl i området, bl.a. tilknyttet de aktuelle kraftanleggene, gjennomføres.»

Lokaliteter for trekk-funksjonalitet	0-alternativ	Konsesjonssøkt alternativ	Påvirkning
Holmavatn	Normalt sikker is gjennom vinteren og dermed trekkmulighet for rein, men klimavariasjon og fremtidig varmere klima kan oftere gi perioder med usikker is, og kortere sesonger med sikker is.	Periodevis forverrede isforhold kan tidvis redusere fleksibilitet i trekk og beitebruk, men lengre perioder med farbar is betyr at vi ikke får noen vedvarende barrierevirkning gjennom vintersesongen.	Noe forringet
Holmavassåna	Uten is og med stor vannføring gjennom vinteren utgjør elva en barriere for reinstrekk i nærområdet til mye brukte beiter	Vann slippes ikke fra Holmavatn, ikke lenger barriere	Forbedret
Tverråna	Trolig barrierevirkning ved åpent vann tidlig vinter, men lite brukt område for rein	Ikke nedtapping av Isvatn, dvs. ikke lenger barriere.	Forbedret
Kombinert effekt	Holmavatn mest sentralt for reinens trekk og beiteutnyttelse	Holmavatn får noe forringelse av sentral funksjon for trekk og beiteutnyttelse. Rein kan alternativt trekke lenger vest ved Holmavassåna	Ubetydelig endring til noe forringet

Villreinen står over mange utfordringar og det er viktig å sjå på summen av desse. Både kraftproduksjon og menneskeleg ferdsl er forstyrringar som det går an å redusere. Utfordringar som kjem i samband med endra klima (til-ising av beite, endra temperatur, endra islegging osv) er faktorar som ein ikkje får gjort noko med og som kjem på toppen av alt anna. Når me veit at dette er eit stadig aukande problem for villreinen, bør føre-var prinsippet vege tungt i denne saka. Føre-var-prinsippet handlar om å ta ansvar under uvisse. Når me veit at summen av påverknader er den største trusselen mot villreinen, og at klimaendringane forsterkar problemet, er det vår plikt å redusere dei inngrepa me faktisk kan styre.

Vinje kommune er tvilande til konklusjonen i rapporten som seier at det er mogleg å oppnå ubetydeleg eller positiv konsekvens for villreinen ved etablering av pumpekraftverk og meiner konsekvensane for reinen er undervurderte. Alle tiltak som eventuelt skal skje innanfor villreinens leveområder bør berre tillatast dersom dei klart betrar situasjonen for villreinen. I den grad det er tvil, bør det ikkje tillatast nye tiltak i villreinområder, jf føre-var prinsippet. Rapporten skisserar ei rekkje avbøtande tiltak, desse er lite konkrete og ein har inga garanti for at desse tiltaka vil føre til ei betring for reinsdyra (regulering/omlegging av ferdsl, tilpassa drift, gjerdning).

Vinje kommune meiner at dersom det vert avgjort at det skal gjevast løyve til å etablere pumpekraftverk til Holmavatn, bør det vere krav om restriksjonar på pumping i heile perioden som reinsdyra nyttar isen, og ikkje berre i isleggingsfasen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune fryktar at eit pumpekraftverk til Holmavatn vil føre til negative konsekvensar for villreinen, og at dette er undervurdert. Vinje kommune er tvilande til konklusjonen i rapporten til NaturRestaurering og til etablering av eit pumpekraftverk til Holmavatn med bakgrunn i omsyn til villrein. Dersom det likevel vert gjeve konsesjon, meiner Vinje kommune det må vere restriksjonar på pumping i heile perioden som villreinen nyttar isen og ikkje berre i isleggingsfasen.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 10/2026 i møtet den 21.01.2026

Røysting

Framlegg frå plan- og miljøutvalet:

Endring siste setning -

Dersom det likevel vert gjeve konsesjon, krev Vinje kommune at det ikkje må skje pumping i frå isleggingsfasen og så lenge isen naturleg ligg fram til våren av omsynet til villreinen.

Kommunedirektørens framlegg fram til siste setning blei samrøystes vedteke.

Endringsframlegget til plan- og miljøutvalet blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Vinje kommune fryktar at eit pumpekraftverk til Holmavatn vil føre til negative konsekvensar for villreinen, og at dette er undervurdert. Vinje kommune er tvilande til konklusjonen i rapporten til NaturRestaurering og til etablering av eit pumpekraftverk til Holmavatn med bakgrunn i omsyn til villrein.

Dersom det likevel vert gjeve konsesjon, krev Vinje kommune at det ikkje må skje pumping i frå isleggingsfasen og så lenge isen naturleg ligg fram til våren av omsynet til villreinen.
